



REFERAT FRÅ MØTE I RÅDMANNSFORUM torsdag 19.10.2023 kl 1300-1400. Digitalt

Tilstades: Ole-Jørgen Jondahl
Anita Hesthamar
Magnus Steigedal
Forfall: Thore Hopperstad
Administrasjon: Jostein Eitrheim, Trude Rinaldo

Til orientering:

Agenda:

- Oppfølging av avtale med Norce vedr. prosjekt fjernarbeid
- Ukraina-støtte i budsjett 2024
- Felles saksutgeiing vedr. søknader frå Hardanger og Voss Museum
- Kommuneøkonomi

Sakliste Rådmannsforum:

- **Oppfølging av avtale med Norce vedr. prosjekt fjernarbeid**

Ny avtale om utvida forskningsprosjekt er fullfinansiert, men også opent for Voss å koma med. Melder tilbake til Kåre Hansen at kontakt går via rådmannsforum og til ei kvar tid sitjande leiar. Kontrakten vert oversendt alle av dagleg leiar.

- **Ukraina-støtte i budsjett 2024**

Oppfordring frå Hardangerrådet om at det vert utarbeidd eigen budsjettpost i alle kommunane til dette formålet, etter evne. Viktig at det kjem inni budsjettet no, slik at midlar er tilgjengeleg når etterspørsel/prosjekt kjem. Hardangerrådet har valt å støtta dette samarbeidet, fordi det ikkje er administrative kostnader og det er trygt og oversiktleig, med god oppfølging.

- **Felles saksutgreiing vedr. søknader frå Hardanger og Voss Museum**

Kommunane har fått spørsmål om å auke driftsstøtte til HVM ift innbyggarnivå og no også støtte ift investeringsmidlar.

Rådmannsforum saman med rådmann i Voss herad vil be dagleg leiar om å kalla inn til eit fellesmøte med HVM som inneheld orientering og dialog om framtida, kva som krevst for realisering av pågåande og framtidige prosjekt.

Rådmenna ber om digitalt møte fredag 27.10.23, kl 09.00-10.00.

- **Kommuneøkonomi**

Runde rundt bordet om tilstanden i dei ulike kommunane.

Kinsarvik, 19.10.23

Ole-Jørgen Jondahl/s
Leiar i Rådmannsforum

Jostein Eitrheim
Sekretær